



namn og nemne

Tidsskrift for
norsk
namnegransking

UTGJEVE AV NORSK NAMNELAG
REDAKTØRAR:
IVAR BERG
TOR ERIK JENSTAD

ÅRGANG 42 – 2025

NOVUS FORLAG – OSLO

Redaksjon:
Ivar Berg, NTNU
Tor Erik Jenstad, Universitetet i Bergen.

Bøker til melding kan sendast til:

Ivar Berg
NTNU
Institutt for språk og litteratur
7491 TRONDHEIM
ivar.berg@ntnu.no

Namn og nemne blir utgjeve av Norsk namnelag.

© Den enkelte forfattaren
ISSN 2703-7371

Innhald

Stian Hårstad: Stadnamnet <i>Botn</i> som kortform av <i>Kolbotn</i>	5
Kristoffer Kruken: Striden om helgennamna – eit blad av norsk almanakkhistorie	21
Solveig Wikstrøm: Kunstprodukt eller ny tradisjon? Revisjoner av den norske navnedagskalenderen 2009–2026	47
Ivar Berg: Lydutvikling i og normering av nokre stadnamn	73
Bokmeldingar	
Tom Schmidt: <i>Stadnamn i Øystre Slidre</i> – <i>slik dei har vore brukte i bygdemålet</i> Av Samuele Mascetti	95
Ole-Jørgen Johannessen (red.): <i>Ivar Utne og personnavna.</i> <i>Venneskrift til Ivar Utne på 70-årsdagen 22. februar 2024</i> Av Birgit Eggert	99
Eldar Heide: <i>Pre-Christian høgr: passages through barriers</i> Av Richard Coates	105
Medarbeidarar i årgang 41	111

Stadnamnet *Botn* som kortform av *Kolbotn*

Stian Hårstad

The element ON botn m. 'bottom, ground' is highly frequent in Norwegian toponyms, typically signifying a cirque, depression, or the innermost part of a landform such as a valley, lake, or fjord. This article, however, posits that an additional denotation warrants greater attention – namely, 'site for a charcoal stack'. This particular technique for charcoal production was introduced in the late 16th century and became a key factor in the substantial expansion of the Norwegian mining industry. For several centuries, a large proportion of peasants in the inner regions of Southern Norway were involved in the charcoal manufacturing, which was based on carbonizing wood in piles built on level ground, referred to as kolbotn (lit. 'coal bottom'). Eventually, thousands of such sites were crafted, and the notion kolbotn became so commonplace that it was recurrently abbreviated to botn. This article argues that botn, similar to kolbotn, underwent a process of proprialisation, leading to the formation of numerous place names Kolbotn and Botn (with several variants). A key concern is that botn, in the sense of 'site for a charcoal stack', has been largely overlooked in toponymic interpretations. Undoubtedly, the variant referring to the physical characteristics of the landscape remains the most prevalent; however, given the widespread use of the kolbotn production method, this secondary denotation deserves more attention. Nevertheless, reliable identification will normally require archaeological investigations.

1 Innleiing¹

Gno. *botn* m. inngår i så mange stadnamn på alle kantar av landet at det knappast let seg gjere å skaffe eit fullt oversyn. I både usamansett og samansett form er elementet nytta på alt frå gardsbruk, setrer og slåtteteigar til myrar, bukter og innsjøar. *Norske Gaardnavne* (NG Ind: 45) fører opp denne tydinga av nemnet *botn*: «Som Gaardnavn brugt om Steder, liggende ved Enden af en Fjord, en Indsø eller en dyb Indsænkning på Land.» Som naturnamn blir det nytta på liknande vis, men i tillegg om mellom anna (delar av) vatn og fjordar og jamvel om eit vatn som er uttappa, som i *Vassbotnen* fleire stader i Rogaland (Særheim 2007: 36). Eit raskt sveip over namnetilfanget viser elles at *botn* er med i namnet på ei rekkje nokså ulike terrengformasjonar – søkk, skard, delder og daldrag – der det er tale om ein viss høgdeforskjell, sjølv om det ikkje alltid kan seiast å dreie seg om ei «dyb Indsænkning».

Ei anna tyding finn vi i den mykje utbreidde samansetninga *Kol(a)botn* (med mange lokale uttalevarianter). Her er ikkje *botn* brukt om eit søkk eller ei fordjuping, men tvert imot det flate jordunderlaget som ei mile for kolbrenning er bygd på, altså grunnen eller marka, jf. den primære tydinga ‘grunn, grunnvoll, grunnlag’ av *botn/bunn* i både *Norsk Ordbok* og *Det Norske Akademis Ordbok*. Som proprium er *Kol(a)botn* er kjent frå tidleg på 1500-talet; da i forma *Kullebotnen* om Kolbotn i Oppegård (1526, NG 2: 93). Appellativet er ikkje kjent frå så gamle kjelder, men det må rimelegvis ha funnest. I svensk er *kolebotne* kjent som stadnamn frå eit diplom utferda i 1475 (SDHK 30007), og *kolebothnen* finst som appellativ i ein tekst frå 1527 (G1 IV: 134). Interessant for denne sammenhengen er at simplekset *botnen* omtrent samtidig blir brukt som appellativ – om ‘kolbotnen’ eller ‘milebotnen’ (1535, G1 X: 198). At *botn* lenge må ha hatt ei slik tyding òg i norsk, og at dette har vorte proprialisert, finst det merknader om i nokre granskingar (t.d. Hoel 2004: 356 og NG 3: 389), men mykje tyder på at dette poenget generelt har vore lite påakta i tolkinga av stadnamn med *botn*. Formålet med denne framstillinga er å sjå på ein del døme på namn der ei tolking som involverer ‘plass for kolbrenning’, er meir truleg enn at namnet har bakgrunn i eit konkavt terrengement. Argumentet er altså at *botn* er *kulturnamn* oftare enn det ein

1 Forfattaren vil rette ein takk til tjøremile- og jarnvinne-entusiast Ottar Ryen, som sette han på sporet av denne tanken.

har rekna med, sjølv om det i mange tilfelle kan vere vanskeleg å konkludere sikkert utan arkeologiske undersøkingar av grunnforholda.

2 Kolbrenning – kort om teknologihistoria

Det er ikkje mange kjelder frå mellomalderen som seier noko om kolbrenning og kolbrennarar her til lands. Den islandske lovboka *Grágás* (*Grágás*) har nokre føresegner som handlar om kol (jf. Bloch-Nakkerud 1987: 61–62), og vidare nemner nokre av islendingsagaene kolbrenning, t.d. *Soga om Ølhetta* (*Ølkofra saga*, 2014: 199), *Njáls saga* (*Njáls saga*, 1941: 65) og *Eyrbyggjasaga* (*Eyrbyggja saga*, 1895: 55). I alle desse tekstane er det liten tvil om at det er tale om brenning i *kolgroper* (gno. *grǫf* og *kolgrǫf*), den teknikken som var den dominerande langt fram på 1400-talet, og dette blir stadfest av arkeologiske granskingar fleire stader (Narmo 1996). Dei som dreiv med slik brenning, anten som attåtnæring eller som hovudsyssel, blir omtalt som *kolakarlar* og *kolamaðr* i eldre tekstar, og den siste forma finn vi att i stadnamn som *Kolmannskog* i Fræna (NG 13: 314). Samansetninga **kolabotn* er derimot ikkje belagd, og sjølv om det er eit endefram kompositum (med gen.pl. av *kol* n.), har det altså ikkje vore ei relevant nemning i eldre tid. Dette må vi sjå i samanheng med endringar i sjølve teknologien. Både utvinning av jarnmalm og kolbrenning til smiebruk har frå gammalt av gått føre seg i groper. Dei eldste kolgravene eller -gropene i Skandinavia er minst frå 500-talet, men dei fleste stammar frå perioden 900–1450 (Eidshaug & Dahle 2017: 107). Framover mot 1500 kom ein ny framgangsmåte inn, og kolgropene vart erstatta av flatmarksmiler av ulike typar. Kort sagt er skilnaden at brenninga no skjedde i miler som stod på marka, i motsetnad til kolgropene der halve mila låg under bakkenivået. I staden for ei grop eller grav var altså underlaget for mila eit flatt jordstykke, *botnen* i mila. Det er ikkje heilt klart når denne teknikken først kom i bruk, kan hende var det allereie tidleg på 1400-talet (jf. Hennius 2019: 30), men i starten av 1500-talet skjer det iallfall mykje med utbreiinga i fleire delar av Skandinavia. Det var særleg den aukande etterspurnaden av jarn og kopar som førte til at kongemakta skipa til anlegg der ein kunne vinne ut malm i større skala. I 1520-åra starta den første ordinære gruvedrifta i Noreg, i Seljord i Telemark, og denne og dei andre små verka som kom i drift i tiåra som følgde, var alle baserte på trekolsmelting. Effektiv kolbrenning vart dermed heilt

avgjerande, og liggemile-teknikken vart utover på 1500-talet supplert med reismiler. Båe typane stod på ein botn, men reismilene var meir avanserte, og kunnskapen om bygginga var mest truleg import frå utlandet. Vi veit at både svenske og tyske bergverksspesialistar vart leigde inn av dei dansk-norske kongane, og svenskane hadde i sin tur fått opplæring av ekspertar frå Sachsen, Thüringen og Vallonia (i dagens Belgia) (Berg 2016: 31 og 46; Hennius 2019: 8).

Storparten av dei første verka dreiv med jarnmalm, men utover på 1600-talet kom sølv og kopar i framgrunnen, med Kongsberg sølvverk (etablert 1623) og Røros koparverk (etablert 1644) som dei store anlegga. Framstillingsteknikken endra seg, men framleis var trekol heilt essensielt for reinsing («garing») og smelting av malmen, og mykje vart sett inn på å sikre stabil tilgang på kol. På det første koparverket av noko større omfang, Kvikne i dagens Tynset kommune, vart det allereie frå dei første driftsåra, omkring 1630, viktig å knyte til seg lokale bønder som kunne levere trekol (Østigaard 2008: 91). Desse fekk undervisning av svenske og tyske ekspertar, og allereie etter fem års drift sytte kongen for å få henta enda tre kolbrennarar frå Freiberg i Sachsen til Kvikne for å drive opplæring i effektiv brenning (sst.: 92). Slik vart reismila kjend for alle bøndene i distrikta som frå 1635 plikta å skaffe kol til verket. Dei første kolbotnane vart lagde på innmarka, men etter kvart som skogen skrokk, måtte mange miler flyttast til fløter oppe i liene.

Da det nokre år seinare var starta koparverk på Røros, omtrent 50 km lenger aust, vart liknande plikter lagde på bøndene i omlandet, og dermed vart kunnskapen om reismiler på kolbotnar spreidd stadig vidare (Nissen 1976: 28). Utover på 1600-talet var det starta verksdrift fleire titals stader i Trøndelag og fleire delar av Austlandet. Mellom dei mest kjende er Bærum (1614), Eidsvoll (1624), Løkken (1654) og Ulefoss (1657). Alle desse føretaka var avhengige av brensel til den energikrevjande drifta si. Samanlagt vart dette uhorveleg mengder ved og trekol, og dei større verka måtte verve kolkøyrarar og -brennarar stadig lenger unna. Kvikne verk gjorde t.d. avtaler med bønder i både Surnadal på Nordmøre og Gudbrandsdalen (Østigaard 2008: 92), og utover på 1600-talet må vi rekne med at *kolbotnen* som fenomen hadde vorte godt kjent i mykje av innlandet, frå indre Trøndelag sørover til Grenland i Telemark, der mest alle dei tidlege verka låg. Basert på forbruket av kol har Larsen (1996: 64) rekna ut at over 720 000 miler vart sette opp i perioden mellom 1620 og

1870. Kor mange botnar som var underlag for desse, er det vanskeleg å finne svar på, men for å ta nokre døme har laserskanning frå fly nyleg avdekt eit hundretals kolbotnar berre omkring Hassel jarnverk i Øvre Eiker (Tonna 2023), det er kartlagt 420 botnar på Krokskogen (Hole) (Bakke 2018), og Larsen (1993: 88) estimerer ca. 1500 kolbotnar knytte til Bærum, Fossum og Dikemark verk.

3 Proprialisering av *botn* ‘kolbotn’

Å setje eit nøyaktig tal på kolbotnane rundt omkring er uansett ikkje det viktige i denne samanhengen. Bergverkshistoria syner tydeleg nok at omgrepet følgde med brenningsteknikkane som kan ha komme til landet i siste halvdel av 1400-talet, og så kan vi tenkje oss at termen har etablert seg tilstrekkeleg til å dukke opp som stadnamn, i skriftforma *Kullebotnen*, tidleg på 1500-talet. I den store utbyggingsfasen av bergverka utover på 1600-talet kan vi så rekne med at appellativet langt på veg vart ålmenngjort i regionane som var involverte i verksdrifta. I mange bygder vart kolbrenning og -køyring ei heilt sentral næring, og terminologien som hørde til, gjekk etter kvart inn i daglegtalet.² Vidare kan vi tenkje oss at samansetninga *kolbotn* med tida vart oppfatta som unødig spesifiserande, og folk tok dermed i bruk *botn* utan utmerkingsledd, men med same semantiske innhald. Som lokalhistorikaren Toralf Gjone (1965: 202) formulerer seg om dei mange kolbotnane i Solum ved Skien: «[D]e ble kalt bare ‘Bånn’, ettersom alle visste hva som foregikk, eller hadde foregått, der». At botnane kunne bli oppfatta som ein stad, som kunne få eit eige namn, heng nok saman med dei krava ein vanlegvis stilte til den mest raffinerte miletypen, reismila. Dette var nokså store og kompliserte byggverk som kunne vere 13–18 meter i diameter, og ei stødig mile kravde fast og jamn grunn, utan stubbar eller steinar. Den ideelle botnen skulle vere tørr, men helst liggje i nærleiken av vatn, med tanke på å stogge lauseld, og det var ein føremon med ei lita høgd i bakkant for å få betre kontroll på trekken (jf. t.d. Larsen 1996). Veleigna kolbotnar vart brukte om att –

2 At tysktalande spesialistar var sterkt involverte i utrullinga av teknikken med reismiler, ser ikkje ut til å ha verka inn på terminologien på dette punktet, sjølv om det gjorde det i mange andre delar av bergverksdrifta (Mikkelsen 2018: 143). Kan hende var nemninga som dei lokale brukte, forståeleg nok, ettersom båe ledda har logiske kognat i tysk (*kohl* + *boden/bodem* ‘grunn, underlag, golv’).

gjerne i mange år – så lenge det var tilgang på ved. Slik vart desse plassane prega av ein permanens som gjorde det naturleg å referere til dei som ein stad, og dermed kan vi i ein del høve rekne med ein overgang til proprium.³ Fleirtalsformer som *Botnan* og *Bonnane* viser tydeleg at propria har bestemd form, mens det kjem dårlegare fram i eintalsformer på grunn av den stavingsberande *n*-en. I mange tilfelle må altså skrivemåten *Botn* og *Bonn* forståast som uttrykk for *botn-en* og *bonn-en*. Midlandsmåla har i stor grad fått uttalevarianten /bot/ i ubestemd form, og *botn* eller *botten* er dermed meir eintydig bestemte former. Dativformer som /bote/ og /bota/ stadfester ei slik *n*-laus grunnform. At *botn* var etablert som appellativ i så stor grad at det kunne inngå som førsteledd i samansetningar, viser mellom anna ordet *botnlønn* ‘betaling for arbeid på kolbotnen’, som er kjend frå mange regionar (jf. t.d. Andersen 1966: 336; Bull 1916: 266; Eggen 1957: 35; Fløttum 1962: 212; Østgård 1980: 37; Østigaard 2008: 100).

4 Døme på stadnamn med elementet *botn* ‘plass for kolbrenning’

Ein proprialiseringsprosess så langt tilbake i tid er vanskeleg å dokumentere, men for å sannsynleggjere at *botn* har fått ei slik utvikling, skal eg løfte fram nokre tilfelle som etter mitt syn bør tolkast som kulturnamn heller enn naturnamn.

Vi kan først vende tilbake til Kvikne, området der det første større koparverket i Noreg starta, som har to gardsnamn med den nyare tydinga av *botn* som truleg opphav. Heilt nord i gamle Kvikne herad ligg garden *Botnan* som i dag er delt i tre bruk. Den eldste kjelda som nemner garden, er fogderekneskapen frå 1662 (Krokmoen 1992: 180). Der blir han omtalt som «en liden husplass som till ald anden brug eller rydning til sæd er ubequemb», og det tyder på at plassen da var nokså nyleg busett (jf. Gustafson 1990: 165).⁴ Ein indikasjon på at historia til bruket ikkje er så

3 Jf. òg det Högsby (1916: 3) skriv i utgreiinga si om innsjønamnet *Kullebyttetjärn* i Örs socken i Dalsland: «[K]olning förekom år efter år på samma plats. Härigenom blev också kolningsstället åtminstone för gårdens folk en fullt bestämd plats, och *kolbotten* kunde därför användas såsom Ortsbestämning.»

4 Hagen (1951: 323) viser til ei kjelde frå 1635 der *Botnan* er med, men han skriv i same boka at dette bruket første gong er nemnt i samband med skattemanntalet frå 1665 (sst.: 2). Det er ikkje klart kva kjelda frå 1635 kan vere (jf. Gustafson 1990: 165; Krokmoen 1992).

mykje eldre, er den kjensgjerninga at smeltehytta som i 1637 vart sett opp på grunnen til Botnan, fekk namn etter eit velkjent orienteringspunkt, vadet over Orkla, *Brevad*, og ikkje etter næraste garden. Truleg vart bruket delt frå garden Børli like etterpå. Plasseringa i landskapet, lengst nede ved elva der den opne dalen snører seg saman og blir trong, har vore nytta som forklaring på gardsnamnet, altså med naturnemnet *botn* som kjerne (jf. t.d. Hagen 1951: 323). Oluf Rygh er ikkje like sikker når han kommenterer: «Hvad der har givet Anledning til dette Navn her, er ikke klart efter Kartet.» (NG III: 431). Eg meiner at ein heller bør rekne med *botn* med tydinga ‘plass for kolbrenning’ som opphav til namnet. Botnan var tydelegvis tidleg delt i to bruk (eller huslydar), og bebuarane med den eldste dokumentasjonen er Knut og sonen Iver som i 1662 finst registrerte som smeltarar, altså tilsette ved smeltehytta. Den andre luten var i 1667 busett av Bård og sonen Nils, bae registrerte som kolbrennarar på *Botner* (Hagen 1951: 326).⁵ Når ein legg til at det i nyare tid er funne store mengder kolrestar i plognaden på Botnan (Gustafson 1990: 165), er det mykje som talar for at det er kolbotnar som ligg attom namnet. At termen har vore godt kjend i bygda, viser teignamnet *Kølbøtn* som finst på både Grøntyven og Håkkåmoen berre nokre kilometer opp i dalen (Gustafson 1990: 165; Grøtli 2001: 155).

På liknande vis kan ein argumentere for at *Botnan* på Innset (i dagens Rennebu), dryge to mil lenger nord, har fått namnet sitt av kolbrenning. Innset var anneks til Kvikne på 1600-talet, og da det etter få år hadde vorte langt til urørt skog oppe i dalen, vedtok verksleiinga å bygge smeltehytte på Innset. I løpet av 1640 vart det sett opp tre smeltehytter, kolhus, koparbu og andre bygningar på begge sider av Orkla ved garden Innset. Om lag 500 meter opp i bakkane for dette ligg *Botnan*, og her er det vanskeleg å bruke terrenget som forklaring på namnet. Vi veit at det var fast kolbotn ved øvre smeltehytta på Innset som bøndene køyrde ved til omkring 1650 (Østigaard 2008: 91), og i 1657 sit ein Jon Olson med bygsla på Botnan, som den første vi kjenner til, og han er kolbrennar for verket (Trondshaug 1975: 441). Det er ikkje klart om det nokon gong er gjort funn av kol i jorda her, men etter mitt syn er det gode grunnar til å rekne *botn* med tydinga ‘kolbotn’ som kjerne i gardsnamnet her òg. Ein parallell

5 Ein Bård kolbrennar er nemnd frå Kvikne i eit dokument frå 1657, men da blir det ikkje presisert kvar han bur (Krokmoen 1992: 123).

til dette namnet er *Botnan* på Hølonda (Melhus). Dette bruket vart rett nok ikkje busett før seint på 1800-talet, men lokalt er det ålment kjent at kolbotnane som tidlegare leverte brensel til Løkken verk, har gjeve plassen namn (Rød 1968: 244).

Bøndene i Selbu vart tidleg med i kolleveringa til både Røros, Ulriksdal (Klæbu) og Mostadmarka (Malvik), men på 1700-talet vart det starta eige koparverk i bygda, og frå 1713 gjaldt plikta til «at giøre Kiørsel med Malm, Kull og Ved til Verket, saa meget som fornøden er», som dei kongelege bergprivilegia sa, den lokale drifta (Rolseth 1945). Det var omfattande kolbrenning fleire stader i distriktet, og den store mengda kolbotnar har fått historikarar til å ta omtrent for gitt at nokre av *Botnan*-namna kjem av nettopp kolarbeidet. I omtalen av *Botnan* ved Draksten, der den eine gruva låg, blir det sagt at namnet «viser at en brente trekull» (Haarstad & Røed 1984: 8). Sameleis blir husmannsplassen *Botnan* på Gullset sagt å ha eit namn «som forteller at her hadde det vært kolbrenning», utan vidare drøfting (Haarstad & Røed 1992: 208). Koplinga mellom *kolbotn* og *botn* er altså opplagt for desse forfattarane. Eit tredje *Botnan* i det same landskapet er ei slette eit par kilometer vest for garden *Solem*. Her er det lite som liknar på eit søkk eller ei fordjuping, og når ein veit at bøndene på Solem allereie frå 1670-talet hadde to kolmiler som leverte til Ulriksdal verk (Rø 2001: 191), kan også dette stadnamnet forklarast på grunnlag av ein kolbotn. I området kring jarnverket i Mostadmarka (Malvik), som starta drifta i 1650-åra, finst elles både plassen *Kolbotn* og åkerstykket *Botnan*, og Buaas (2004: 75) meiner det er opplagt å sjå desse namna i samanheng.

I Folldalen vart det starta bergverksdrift i 1748, og over dalen for verksbyen ligg plassen *Botnen*. Denne står oppført som *Kolbotn* både i *Norske Gaardnavne* (NG 3: 389) og i bygdeboka for Folldal (Streitlien 1976: 55), men begge kjelder har med «*bå'tten*» som uttaleform (bestemd form av /bot/), og denne har etter kvart komme på kartet som prioritert skrivemåte. I omtalen av dette namnet viser Rygh medvit om at *Botn* kan opptre som kortform av *Kolbotn*: «Her er [Botten], som det sees, forkortet af Kolbotn» (NG 3: 389). Det ser rett nok ikkje ut til at dette resonnementet blir henta fram att i handsaminga av andre *Botn*-namn. Om *Botn* på Tuppeskogen på Gol skriv *Norske Gaardnavne* (NG 5: 116): «Ordet staar her i Betydningen: Dalsænkning». Svello (1961: 582) viser derimot til at staden opphavelig heitte *Kolbotn*, og at det hadde vore drive kol-

brenning der «før det vart rudt plass». Østro (1991: 99–100) skildrar korleis denne «kølbøtten» først vart eit slåtteng og så busett omkring 1700, og at brukarane skreiv seg både *Kolbotten* og *Botten* utover på 1700-talet.

Viss vi går vidare til Larvik, treffer vi på *Bonn* ved Kjose, og Helleland (2008: 37) koplar dette til ei kjelde som stadfestar at det har vore kolbotn der, men tilhøvet mellom *kolbotn* og *botn* blir ikkje kommentert nærmare. I Risør blir *Bånnane* i Vestre Garteheia forklart med at det her «har vært flere kolbonner» (Søndeled og Risør historielag 2018: 339), og sameleis blir *Bånnane* nord for Fjølbuvaan i Bamble kopla til «kollbrending» og «kollbund» (Wefald 1980: 52). Tonna (2023) omtaler *Bonnane* i Øvre Eiker som del av kolbrenninga for Hassel jarnverk, og *Bånnane* ved Gislejøen på Solumskogen (Skien) er blant namna med opphav i kolbrenning som Gjone (1965: 202–203) dokumenterer. Like eins blir plassen *Bonna* i Maridalen (Oslo) sett i samanheng med kolbotnane ved Bjørnesjøen (Christensen 1995: 48; jf. Raabe 1947: 176–177), og bruket *Bonna* i Lommedalen (Bærum) blir forklart med referanse til «kølabonn» (Mohus 1993: 120). Denne forma må ein forstå som best. fleirtal av *bonn* i tråd med tradisjonell midtaustlandsk hankjønnsbøying (t.d. Skjekkeland 1997: 146)

Vevstad (2008: 12) forklarar namnet *Bonnane* ved Lundvatn (Gjerstad) med funnet av ein stor mileplass, og den same framstillinga illustrerer godt kor produktivt elementet *botn* har vore: Her er dokumentasjon av over 50 namn med sisteleddet *-botn* (og *-bonn*) frå Gjerstad, og alle blir knytte til Egelands jarnverk (sst.: 172–174).

At *botn* ‘kolbotn’ har vore produktivt i samansette namn, viser fleire andre kjelder. Haugan (1997: 32) skriv om både *Bonn* og *Storebonn* i Holmestrand, og båe desse ligg saman med plassen *Kølabonn* i eit område sør for Sundbyfoss der det er påvist spor etter mange kolmiler. Hoel (1999: 218–219) omtaler *Kristenbonnen* i Våler og forklarar dette med mannsnamnet *Kristen* og ein kolbotn. Han viser samtidig til skriftforma *Arnebon* frå 1763 som døme på same namnetype. Mohus (1987; 1993) reknar opp fleire titals små bruk i Bærum med namn som *Butterudbonn*, *Frognerbonn*, *Sandsbonn*, *Ringibonn*, *Tobonn*, *Smedbonn* og *Brenningsbonn*, i tillegg til mange med førenamn som utmerkingsledd, og alle desse blir kopla til den omfattande kolbrenninga særleg i indre delar av kommunen. Frå Solum ved Skien viser Gjone (1965: 202) til ei rekkje teig-

namn med førenamn i possessiv form: m.a. *Larses bønn*, *Mekkels bønn* og *Lars Myras bønn*.

Noko meir åleine ligg *Brybotn* ved Tynset. Plasseringa i landskapet gjer at det ikkje er urimeleg å tolke det som terrengnamn, men fleire lokalhistoriske kjelder gjev grunn til å likevel rekne det som ei samansetting med kulturnemnet *botn*. Forbi *Brybotn* gjekk ein gammal køyreveg til Rørosverket (Vangen 2023: 61), og det er påvist restar av kolmiler her (Eggen 1957: 449). Eit skiftebrev frå 1761 fortel dessutan om «30 lester kol på botn i Brydalen» (etter Streitliten 1972: 478), så indikasjonane er sterke for at namnet har bakgrunn i kolbrenning. *Madsbotten* nord for Tynset er dårlegare kjeldelagd, men basert på terrenget omkring er det vanskeleg å sjå dette som eit søkk, og når ein ser at dei næraste stadnamna er *Brennbekkslette* og *Svartmarka*, er det opning for å tenkje seg at kolbrenning har vore namnegjevar her òg, men det krev altså meir gransking for å seie det sikkert.

Rekkja med døme kan lett forlengjast, men her har eg gjort nokre strategiske nedslag på namnebruk der sambandet med kolbrenning er understøtta av rimeleg pålitande kjelder. Nokre av dei lokalhistoriske framstillingane kan sjølvstøtt vere baserte på mistolkingar og traderte folkeetymologiar, men her har eg prøvd å halde meg til tilfelle der dei aktuelle kolbotnane er påviste og dokumenterte.

Ettersom det er så tydelege teknologihistoriske band til Sverige når det gjeld kolbotnane, kunne det vore nyttig å ta med svenske *botten*-namn i granskinga. Men med tanke på at *Ortnamnsregistret* inneheld over 6300 namn med elementet *botten/bottnen*, må eg likevel nøye med eit heilt kort utsyn. Inntrykket er at koplinga til *kolbotten* jamt over har fått meir merksemd i den svenske litteraturen. I *Ortnamnsregistret* er 'kolbotten' eigen kategori («lokaltyp»), og mange namnesetlar har med ein merknad om dette moglege opphavet – rett nok med spørjeteikn i mange tilfelle. Alle-reie Sahlgren (1912: 62–63) peikte på at *Svallabotten* i Edsbergs härad må ha opphav i ein kolbotn, og sameleis sette Lidén (1916: 121–122) fram ein påstand om at namna *Botten*, *Kronobotten*, *Humblebotten* og *Timmerbotten* i Bjärke härad har kolbotnar som bakgrunn for sisteledet. Dette gjekk imot framstillinga i *Sverges Ortnamn* (SOÄ 1906: 40), som viser til den generelle tydinga «grund, mark». Lidén viser til at alle bruka er relativt unge, og at dei ligg på skogsvidda *Kolskog* der førsteledet er tolka som «plats där kolbränning drifves» (Lidén 1916: 120). Noko sei-

nare skriv Modin (1949: 241) om garden *Botten* i Storsjö sokn i Herjedalen: «sitt namn erhöill den därav, att här förut bränts kol – varit en *kolbotten*». På same måten blir «en gammal kolbotten» vist til som opphav til teignamnet *Bottnen* i Silbodal socken (SOV 1950: 44).

5 Avslutning

Som eg byrja med å seie, finst det ei ovmengd med naturnamn der *botn* er med, og gruppa av namn som inneheld *botn* i tydinga ‘plass for koltilverking’, utgjer berre ein liten del av dette. Men når vi ser på kor viktig kolbrenninga har vore i mange distrikt i både to og tre hundreår, er det gode grunnar til å leggje meir vekt på at *botn* òg kan vere eit kulturnemne. Spora etter den opphavelege menneskelege verksemda kan vere vanskelege å finne, så i mange tilfelle må ein gjere meir systematiske arkeologiske undersøkingar for å bringe fram indisium på historisk kolproduksjon. Nokre stader er det gjort slike kartleggingar, innanfor meir eller mindre profesjonelle rammer, men ettersom kulturminnelova set 1537 som grense for kva spor som er automatisk freda, blir dei nyare kolbrenningsplassane, det vil særleg seie reismilene, langt sjeldnare gjorde til gjenstand for gransking. Som eg har vist til ovanfor, har kolbotnar vorte registrerte fleire stader, men dei etterreformatoriske anlegga får jamt over mindre merksemd i kulturminneprosjekt, og skal ein gjere sikre tolkingar av namneleddet *botn*, bør ein ha eintydige funn å basere seg på. Naturnamnet *botn* er så mangsidig at det kan høve til ei lang rekkje ulike terengformasjonar, og dermed har det vore lett å plassere nemningar med *botn* i denne kategorien. Formålet med denne drøftinga har vore å vise at *botn* lenge har hatt ei alternativ tyding, ‘plass for koltilverking’, og at denne har vore med i stadnamn sidan 1500-talet.

Litteratur

- Andersen, Ottar. 1966. Gamle foredlingsmetoder, kolbrenning, tjærebrenning. I *Trysilvassdragets Skogeierforening og skogen*, utg. av Magne Sanaker mfl., 335–339. [Trysil:] Skogeierforeningen.
- Bakke, Gudmund. 2018. Kølabbrenning på Krokskogen. *Hringariki* 1: 10–17.

- Berg, Bjørn Ivar (red.). 2016. *Bergverk i Norge. Kulturminner og historie*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Bloch-Nakkerud, Tom. 1987. *Kullgropen i jernvinna øverst i Setesdalen*. Oslo: Universitetets oldsaksamling.
- Bull, Jacob B. 1916. *Rendalen: dens historie og bebyggelse I*. Kristiania: Gyldendalske Boghandel.
- Buaas, Sivert. 2004. Kølbrenning i Mostadmark. *Historielagene i Malvik. Årbok 2004*: 69–83.
- Christensen, Trygve. 1995. *Ankerveien – Greveveien – Krokskogveien. Langs gamle ferdselsveier gjennom Osломarka*. Oslo: Cappelen.
- Eidshaug, Jo S.P. & Kristoffer Dahle. 2017. Flatmarksmiler i Vestnes frå yngre jernalder og middelalder. *Viking. Norsk Arkeologisk Årbok LXXX*: 107–127. DOI: <http://dx.doi.org/10.5617/viking.5469>
- Eggen, Eystein. 1957. *Tylldalen–Brydalen bygdebok*. Trondheim: s.n.
- Eyrbyggja saga*. 1895. Utg. ved Valdimar Ásmundarson. Reykjavik: Félagsprentsmiðjan.
- Fløttum, Jens J. 1962. Kullbrenningen i Singsås under Røros Verk fra 1850-årene. I *Singsåsboka 2: Næringsliv, handel, samferdsel*, utg. av Singsås bygdeboknemnd, 208–214. Singsås: Bygdeboknemnda.
- [G1 IV =] *Konung Gustaf den förstes Registratur. Band IV*. 1868. Utg. ved V. Granlund. Stockholm: Norstedt & Söner Kongl. Boktryckeriet.
- [G1 X =] *Konung Gustaf den förstes Registratur. Band X*. 1887. Utg. ved V. Granlund. Stockholm: Kongl. Boktryckeriet.
- Gjone, Toralf. 1965. *Solum bygds historie. I Bygdehistorie*. Skien: Skien kommune.
- Grøtli, Mikael. 2001. *Kvikne: gårds- og slektshistorie*. [Kvikne:] Kvikne bygdeboknemnd.
- Grágás. *Islændernes Lovbog i Fristatens Tid. Förste Bind*. 1852. Omsett av V. Finsen. København: Brødre Berlings Bogtrykkeri.
- Gustafson, Lil. 1990. Bosetningen i en fjellbygd – gårdsgrenseanalyse i Kvikne, Hedmark. I *Namn og eldre busetnad: rapport frå NORNAs femtande symposium på Hamar 9.–11. juni 1988*, red. av Tom Schmidt, 141–174. Uppsala: NORNA-förlaget.
- Hagen, Olav T. 1951. *Kvikne: ei bygdebok. Band 2: Gardsbruk, koparverk*. Oslo: Bokcentralen.
- Haugan, Axel. 1997. *Med køl til Eidsfoss i 200 år*. [Ramnes:] A. Haugan.
- Helleland, Botolv. 2008. *Stedsnavn i Kjøse*. Oslo: Novus.

- Hennius, Andreas. 2019. *Spår av kolning. Arkeologiskt kunskapsunderlag och forskningsöversikt*. Stockholm: Riksantikvarieembetet.
- Hoel, Kåre. 1999. *Bustadnavn i Østfold. 3 Våler*. Utg. ved Tom Schmidt. Oslo: Seksjon for navnegransking.
- 2004. *Bustadnavn i Østfold. 5 Rygge og Moss*. Utg. ved Tom Schmidt. Oslo: Seksjon for navnegransking.
- Högsby, G.L. 1916. Sjönamnet Kullebyttetjärn. *Namn och Bygd* 4: 1–4.
- Haarstad, Kjell (red.). 1972. *Selbu i fortid og nåtid. Bind 1*. Selbu: Selbu kommune.
- Haarstad, Kjell & Per O. Rød. 1984. *Selbu i fortid og nåtid. Bind 3*. Selbu: Selbu kommune.
- 1992. *Selbu i fortid og nåtid. Bind 7*. Selbu: Selbu kommune.
- Krokmoen, Jon. 1992. *Folk og buplasser i Nord-Østerdalen: Kildeutdrag 1528–1700*. Atnbrua: Solliia.
- Larsen, Jan Martin. 1993. Kølabrenning – viktig næringsvei i 260 år. *Asker og Bærum historielag. Skrift nr. 34*: 88–109.
- 1996. ‘Det var kølatrafikken som heldt liv ti dom’. *Årbok for Norsk skogbruksmuseum 1993–1996* (14): 54–126. Elverum: Norsk skogbruksmuseum.
- Lidén, Evald. 1916. Västgötanamn. Strödda anteckningar til ‘Ortnamnen i Älvsborgs län’ [= SOÄ 1906]. *Namn och Bygd* 4: 87–126.
- Mikkelsen, Per R. 2018. *Bergverksfortellinger – introduksjon til norsk bergverkshistorie : et stykke norgeshistorie*. Tønsberg: Montanus.
- Modin, Erik. 1949. *Härjedalens ortnamn och bygdesägner*. 3. utg. Sveg: Söderquists Bokhandel.
- Mohus, Arne. 1987. *Stedsnavn i Bærum*. [Sandvika:] Bærum oppmålingsvesen.
- 1993. *Husmannsplasser i Bærum. 3: Lommedalen*. Bekkestua: Bærum bibliotek.
- Narmo, Lars Erik. 1996. Fra ‘Kola men’ til kullbrenner. *Årbok for Norsk skogbruksmuseum 1993–1996* (14): 23–53. Elverum: Norsk skogbruksmuseum.
- 2000. *Oldtid ved Åmotet. Østerdalens tidlige historie belyst av arkeologiske utgravinger på Rødsmoen i Åmot*. Rena: Åmot historielag.
- [NG Ind. =] Rygh, Oluf. 1898. *Norske Gaardnavne. Forord og Indledning*. Kristiania: Cammermeyer.

- [NG 2 =] Rygh, Oluf. 1898. *Norske Gaardnavne. Andet Bind: Akershus Amt*. Kristiania: Fabritius & Sønner.
- [NG 3 =] Rygh, Oluf. 1900. *Norske Gaardnavne. Tredje Bind: Hedemarkens Amt*. Kristiania: Fabritius & Sønner.
- [NG 5 =] Rygh, Oluf. 1909. *Norske Gaardnavne. Femte Bind: Buskeruds Amt*. Kristiania: Fabritius & Sønner.
- [NG 13 =] Rygh, Oluf. *Norske Gaardnavne. Trettende Bind: Romsdals Amt*. Utg. ved Karl Rygh. Kristiania: Fabritius & Sønner.
- Nissen, Gunnar B. 1976. *Røros Kobberverk 1644–1974*. Trondheim: s.n.
- Njåls saga*. 1941. Omsett av H. Lie. Oslo: Gyldendal.
- Ortnamnsregistret*. 2020. Digitalisert versjon av det topografiske registeret i Namnarkivet: <https://ortnamnsregistret.isof.se/>
- Rolseth, P.O. 1945. *Selbo kobber-værk*. Selbu: Selbu og Tydal historielag.
- Rø, Gisle. 2001. *Selbu og Tydal : geologi, gruvedrift og kulturminner*. [Selbu:] Selbu og Tydal historielag.
- Rød, Per O. 1968. *Hølandboka: gards- og ættehistorie I*. Melhus: Melhus kommune.
- Raabe, Gunnar. 1947. *Nordmarka og Krokskogen: sommer og vinter*. Oslo: Cammermeyer.
- Sahlgren, Jöran. 1912. Några svenska ortnamn. *Svenska landsmål och svenskt folkliv* 2: 56–77.
- [SDHK 30007 =] Svenskt Diplomatariums huvudkartotek över medeltidsbreven nr. 30007. Diplom utferda 30.11.1475 i Almarästaket. Original i Riksarkivet (SE/RA/0101). Digital versjon: https://sok.riksarkivet.se/bildvisning/Sdhk_30007_30007.jpg
- Skjekkeland, Martin. 1997. *Dei norske dialektane. Tradisjonelle særdrag i jamføring med skriftmåla*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Soga om Ølhetta*. Omsett av I. Berg. I *Islendingesagaene. Samtlige sagaer og førtini tætter, band V*, red. av Jon Gunnar Jørgensen & Jan Ragnar Hagland, 199–204. Reykjavik: Saga.
- [SOV 1950 =] Kungl. Ortnamnskommittén. 1950. *Sverges Ortnamn. Ortnamnen i Värmlands län. Del IX: Nordmarks härad*. Uppsala: Lundequistska Bokhandeln.
- [SOÄ 1906 =] Kungl. Ortnamnskommittén. 1906. *Sverges Ortnamn. Ortnamnen i Älvsborgs län. Del III: Bjärke härad*. Stockholm: AB Ljus.

- Streitlien, Ivar A. 1972. *Bygdebok for Tynset. Band 1-2 1: Gard og ætt*. Tynset: Tynset Bygdeboknemnd.
- 1976. *Bygdebok for Folldal*. Folldal: Folldal Bygdeboknemnd.
- Svello, Hallvard. 1961. *Boka om Gol. I: Frå busetjing til kommunalt sjølvstyre*. Oslo: Grøndahl & Søn.
- Særheim, Inge. 2007. *Stadnamn i Rogaland*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Søndeled og Risør historielag. 2017. *Stedsnavn i Risør kommune*. [Risør:] Søndeled og Risør historielag.
- Tonna, Åmund. 2023. Om køl på Hassel jernverk. *Skotselv før i tida* 28: 40–44.
- Vangen, Ingveig. 2023. *Kjenner du Gammeldalen?* Tynset: I. Vangen.
- Vevstad, Andreas. 2008. *Egelands jernverk. Jernverket i skogbygda*. Gjerstad: Gjerstad historielag.
- Wefald, Sigurd. 1980. Gamle bustader. *Årsskrift for Bamble historielag 1980*: 47–55.
- Østgård, Ivar. 1980. Den gamle kølkjører Tøllef Elgsjøen. *Årbok for Nord-Østerdalen 1980*: 35–42.
- Østigaard, Arne Dag. 2008. *Kongens kopperverk: 'Queckne Kaaberwerck' på 1600-tallet*. Tynset: Østigaard.
- Østro, Terje. 1991. *Boka om Gol. VI Gards- og ættesoge: Golreppen*. Oslo: Grøndahl.

Striden om helgennamna – eit blad av norsk almanakkhistorie

Kristoffer Kruken

When Norway got its own almanac after the dissolution of the Danish-Norwegian union (1814), the list of saints' days was kept intact. After a few years it aroused harsh criticism for being a worthless Catholic relict, and it was thought that the saints ought to be replaced by outstanding people in Norwegian secular history. The editors applied several times for such a change, but the copyright holder (the University of Oslo) refused. Yet the editors could alter the saints' list internally, and notably in 1843 many dates got a new name based on medieval Norwegian sources. The debate intensified towards the end of the 19th century. In 1892, the issue was brought forth in the Norwegian Parliament (Stortinget), and after lengthy proceedings the list was formally abolished in 1910, and from 1912 on replaced by secular persons and events. The new list varies considerably from year to year and gives overall a rather desultory impression.

1 Innleiing

I almanakken frå unionstida med Danmark bar kvar dato eit helgennamn. Dette var ein allmenneuropeisk tradisjon med røter i antikken. Datoen stod for helgenens dødsdag og vart oftast markert med ei minnestund på grava. Den eldste kjende feiringa er knytt til den vidgjetne biskop Polykarp i Smyrna. Han leid martyrdøden ca. år 156 og har minnedag 26.1. Mange av dei antikke figurane skriv seg elles frå forfølginga under keisar Diokletian (ca. 300–305), m.a. Agnes, Barbara og Georg. Seinare fekk listene ny tilvekst etter kvart som kristendommen breidde seg nordover i

Europa, og den dansk-norske almanakken har mange innslag frå både fransk, tysk, irsk-engelsk og skandinavisk misjons- og martyrsoge.

Omframnt helgenskaren hadde medlemmer av kongehuset fast plass i almanakken. Dei stod som regel på fødselsdagen og var ofte òg med etter sin død. Almanakken for 1814 har 17 kongelege, mellom dei Fredrik V 31.3. og Kristian V 15.4. Når ein kongeleg kom inn, måtte helgenen ut (Kristian V fortrengde Olympias), men begge måtte vike når datoen var ein søndag eller annan helgedag. Rangen var altså at helg trumfa kongeleg, og kongeleg trumfa helgen. Ved rangkollisjon vart det kongelege namnet stundom ført opp til høgre for datospalta, men det var like fullt underordna helgedagen. Med visse justeringar vart dette systemet ført vidare i den norske almanakken etter 1814.

Universitetet i København hadde einerett på almanakkutgjeving i begge rika. Da Noreg fekk eige universitet (1811), vart eineretten for Noreg overført til Universitetet i Christiania ved kgl. brev av 10.4.1812 og kgl. resolusjon av 7.12.1814. Privilegiet vart stadfesta med følgjande ordlyd i universitetslova (fundasen) av 28.7.1824, § 6: «Universitetet skal ... være ene berettiget at udgive samt lade trykke og forhandle Almanakker og Calendere til Brug her i Riget.» Paragrafen stod uendra gjennom seinare revisjonar av lova. Det akademiske kollegium¹ forvalta retten og utnemnde redaktør til det praktiske arbeidet.

I overgangsåra frå dansk-norsk til norsk almanakk var det ingen diskusjon om helgennamna. Dei vart berre stillteiane tekne med og vart ståande heilt fram til 1911. Generelle oversyn gjev inntrykk av at tilfanget stort sett låg fast i denne perioden (m.a. Alver 1981: 35), og at korkje Universitetet, redaksjonen, styresmaktene eller samfunnet elles brydde seg særleg om saka før kollegiet i 1910 vedtok at namna skulle ut.

Primærkjeldene viser noko anna. Det var både markante utskiftingar av namn og ein omfattande diskusjon i mange fora frå dagspresse til stortingssal. I denne artikkelen skal eg følgje begge desse linene og i grove trekk presentere og diskutere namn, aktørar, argument og politisk-administrativ prosedyre.

1 Kollegiet var øvste styringsorganet på Universitetet og svarar til universitetsstyret i dag.

Almanakkane er dels lesne på Nasjonalbibliotekets nettbibliotek (<https://www.nb.no/search>) (uheil serie),² dels i original på Riksarkivet (full serie). Almanakken har både ei Kristiania- og ei Trondheims-utgåve, med kvar sine astronomiske utrekningar. Nettbiblioteket har stundom digitalisert begge, stundom berre den eine, men namna er heilt like, så spørsmålet om utgåve har ikkje noko å seie her.

Når fleire kjelder refererer same saka i Stortinget, viser eg berre til *Stortingstidende* (St.tid.) så framt alt av relevans er omtala der.

Namneformene vekslar ein del frå år til år, m.a. med og utan latinsk *-us* (*Julianus* og *Julian* ofl.), nokre namn er sporadisk forvanska (*Perpetus* for *Perpetua* ofl.), forkortingane er ustøe, og ei rekkje mindre avvik må ganske enkelt vera setjefeil (*Seraphin* for *Seraphia* ofl.). Dei kongelege blir utskilde grafisk på ulike måtar: antikva, halvfeit antikva eller schwabacher i fraktur-tekst, halvfeit antikva i antikva-tekst, og (frå 1870-åra) versalar for konge og dronning. Også viktige merkedagar har stundom særskild markering, mest i form av schwabacher i fraktur-tekst. Slike ting går eg ikkje nærare inn på.

2 Perioden 1814–61 (almanakkane 1815–62)

Vanskar med samferdsel og boktransport gjorde at det for året 1814 vart trykt ein almanakk for Noreg i Christiania, initiert av prins Kristian Fredrik og redigert av Benoni Aubert ved Noregs geografiske oppmåling. Almanakken vart produsert i 1813 og står heilt ut i den dansk-norske tradisjonen. Først med utgåva for 1815 får vi ein sjølvstendig norsk almanakk. Redaktør var matematikaren og astronomen professor Christopher Hansteen (1784–1873). Han stod for alle utgåvene frå 1815 til 1862.

Almanakken for 1815 vart redigert etter unionsbrotet, men før unionen med Sverige kom i stand (14.8.1814). Alle danske kongelege er borte. Dei fleste vart erstatta med ein tradisjonell helgen, m.a. den nemnde Olympias for Kristian V 15.4. og Sabina for Fredrik V 31.3. Ingen svenske har kome inn. Dei atterreiste helgenane fekk varig plass, med unntak av eit par som rauk ut ved reforma i 1843 (nedanfor).

I 1816 er det nye kongehuset med, såleis kong Carl Johan 26.1., dronning Eugenie Bernhardine 8.11. (frå 1841: Desirée) og kronprins Oscar

2 I nettbiblioteket står almanakkane under tidsskrift, ikkje under bøker.

4.7. (seinare kong Oscar I). Utlendingar kjem til ved inngifte, m.a. Louise av Nederland, gift med kong Karl XV i 1850 og med i almanakken frå 1852. Ved sin død fell dei kongelege no oftast ut. Kong Oscar I døydde 8.7.1859 og er med siste gongen i 1860 (vanleg redaksjonelt etterslep). På denne måten får lista over kongelege både tilvekst og avgang år om anna.

I 1816-almanakken sette Hansteen elles inn nokre norske merkedagar, m.a. «Kjeld Sviebyg» 8.7. og «Marit Vasouse» 20.7. Året etter tok han med mange fleire, m.a. «Bryckismisse» 11.1., «Colbiørn med Laxen» 8.6. og «Vergismisse» 29.8. Alle står i vêrspalta. Utval og skrivemåte viser at kjelda er kapittelet om primstaven i Hammer (1773: 252–263). Merke-dagane stod med visse endringar fram til 1828 (figur 1), men blir så borte, og på 1830-talet har lista igjen berre sitt gamle inventar.

Juli eller Drømemaaned				har 31 Dage 1828.			
Dage.	Naamen	End.	Veirliget.	Dage.	Naamen	End.	Veirliget.
1	Thobald	3 148.	☉ Jordfierns.	17	Allegius	3 54E.	☾ Fremdeles
2	MarieVesog.	4 7	☽ Tyft.	18	Arnolf	4 38	maadelig
3	Cornhus	4 59	☾ 6 42 Form.	19	Iusta	5 23	
4	Oscar	5 48					
5	Mishelm	6 37					
Jesus lærer af Elidet. Luc. 5.				Jesus bespiser 4000 Mand. Marc. 8.			
6	53.e. Trefold.	7 26 E.	☉ Første Galv.	20	73.e. Trefold.	6 10E.	☾ 4 44 Form.
7	Wilibald	8 15	☽ deel af Maa.	21	M Cornus	7 1	☾ 10 36 E.
8	Kjeld	9 3	☽ Kjeld Sviebyg.	22	MarieWag.	7 56	☾ 10 36 E.
9	Coltrata	9 52	☽ nedens jevn	23	Apollinaris	8 51	☾ 10 36 E.
10	KnudKenge	10 41	☽ Bende Knud.	24	Christine	9 55	☾ 10 36 E.
11	Iselva	11 29	☽ Regn	25	Jacob	10 55	☾ 10 36 E.
12	Elias	0 15E.	☾ 2 11 Form.	26	Anna	11 57	☾ 11 1 Eft.
Pharisæernes Retfærdighed. Matth. 5.				De falske Propheter. Matth. 7.			
13	63.e. Trefold.	1 1E.	☉ Jordfierns.	27	83.e. Trefold.	1 1E.	☉ Jordfierns.
14	Donosentura	1 45	☽ med lind	28	M Aurelius	0 56	☉ Tyft.
15	Wesl. Deling	2 27		29	I. us	1 53	☉ Tyft.
16	Enfanne	3 11	☾ Varme.	30	D. den	2 47	☉ Tyft.
				31	Gerrhann	3 39	☉ Tyft.
Solens Dags. Nedg. Solens Dags. Nedg.				Solens Dags. Nedg. Solens Dags. Nedg.			
Dage. I. M.	I. M.	Dage. I. M.	I. M.	Dage. I. M.	I. M.	Dage. I. M.	I. M.
1 2 43	9 17	9 2 51	9 8	17 3 5	8 54	25 3 21	8 37
3 2 44	9 16	11 2 55	9 4	19 3 9	8 50	27 3 25	8 33
5 2 46	9 18	13 2 57	9 1	21 3 13	8 46	29 3 30	8 28
7 2 49	9 10	15 3 1	8 57	23 3 17	8 42	31 3 35	8 24

Figur 1: Almanakken for juli 1828. Offisielle helgennamn i hovudspalta, norske merkedagsnamn til høgre under «Veirliget».

Den første kritikken mot helgennamna som eg har funne, er eit anonymt innlegg, utan overskrift, i *Det Norske Nationalblad* nr. 55–58, 6.10.1818:

232–238. Forfattern er truleg Jonas Anton Hielm (1782–1848).³ Skribenten meiner det er på høg tid å fjerne denne ulutherske arven og i staden setje inn menn som verkeleg har gagna folk og fedreland:

Den vemmelige Liste paa mistænkelige Helgene, vil man finde fornuftig ombyttet med en smagfuld Fortegnelse paa Mænd, der gjorde sig fortjent til almindelig Erindring. Der vilde man i Fremtiden finde saavel Danske som Norske, saavel Nationaliserede som Hiemfødnin-ger, hvilke med Ædel Gavnelyst ærligen har virket til Norges Hæder og Held ... [Og det] maa end ikke udelukkes saadanne Udlændinge, hvis ualmindelige Videnskaber og Kraftyttringer har havt en særdeles velgiørende Indflydelse paa Nationens Karacteer og Velstand. (s.st. s. 238)

Uviljen mot dei gamle katolske namna og ønsket om å fylle plassen med fortente menn frå vår eiga historie går stadig att i diskusjonen framover 1800-talet og inn på 1900-talet. Forfattern understrekar at rett nok har Ove Malling (1777) levert eit arbeid i god nasjonal ånd, men slike bøker kan aldri nå allmugen på same måten som almanakken gjer – den er «i enhver Mands Hænder en uundværlig Bog» (s.st. s. 238). Han seier ikkje noko om dei kongelege, og det gjer heller ingen andre seinare. Det viser at kongefamilien vart rekna for ein grunnstokk i det historiske galleri uavhengig av deira personlege fortener.

Hansteen arbeidde naturleg nok mest med dei astronomiske og kalendariske opplysningane i almanakken. Eit særskilt problem var vêrspådommane, som hang med frå tidlegare almanakkar. Hansteen var nøktern og endra dei frå spådom til historisk notis, dvs. at dei viste korleis vêret hadde vore i Christiania 19 år før.⁴ Men folk las dei som truverdige varsel like vel. Difor søkte Hansteen fleire gonger (sist 17.1.1834) om å få ta vêrbolken vekk. Kollegiet avslo (24.1.1834), men gjekk med på at han «i

3 Bladet vart utgjeve av broren Hans Abel Hielm (1792–1869), men Jonas Anton Hielm var de facto redaktør og hovudskribent. Han skreiv dels under namn, dels anonymt, og innlegget høver både med hans glødande nasjonale interesser og hans skarpe form. I ånd og tone er det heller ulikt Nicolai Wergeland, men han skreiv lite eller inkje i dette bladet og er difor mindre sannsynleg.

4 Tidsspennet byggjer på teorien om at vêret gjekk i ein syklus på 19 år under påverknad frå månen.

Udtrykke, som Professoren finder passende», kunne seie kva utsagna bygde på, og i 1839 vart overskrifta på januar endra frå «Sandsynl[igt] Veir» til «Veirliget 1820 i Christiania». Seinare blir det formulert som «Veirliget. Antegnet ...» eller «Veirliget. Anmærket ... i Christiania» 19 år før.

Hansteen seier lite offentleg om helgennamna, men ei komitéinnstilling frå 1.5.1862 (pkt. 3) viser at kollegiet jamt hadde hatt saka oppe saman med vêrspørsmålet og kvar gong hadde nekta redaktøren å fjerne namna. Kollegieprotokollen stadfester dette, men seier ikkje noko om nokon søknad frå Hansteen. Sjølv fortel han mange år seinare at han berre hadde «yttret et Ønske» som fall fordi «Landalmuen vil ikke dermed være tilfreds, da den ved disse [Helgennavne] forbinder visse Mærkedage» (*Christiania-Posten* 4.4.1862). Som eg forstår dette, kan ønsket godt vera framsett skriftleg, altså de facto ein søknad.

I eit innlegg i *Morgenbladet* 27.12.1833 uttalar Hansteen seg i same leia. Ein innsendar hadde klagt på at almanakken var for dyr. Hansteen svara at om prisen skulle ned, måtte noko av innhaldet bort. I så fall kunne ein kanskje utelate helgennamna, «skjønt ogsaa disse kunne have sin Nytte ved Læsningen af gamle Documenter, som efter dem ere daterede». Dette var eit praktisk-historisk argument som skribenten i *Nasjonalbladet* (1818) hadde ignorert, men som elles vart eit kjernepunkt for dei som forsvarte helgendagane (pkt. 4). Samtidig er den prosessuelle koplinga mellom vêr og namn i seg sjølv eit signal om at helgennamna tidt vart haldne for like antikverte som dei grunnlause vêrvarsla.

